



Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/1892 - 15/25083

Saksbehandlar:
Christian H. Reinshol
Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:
16.07.2015

Vedtak - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for etablering av akvakulturanlegg på lokalitet Ospeneset

Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i sjø, §§ 6.1 og 6.2, for å etablere nytt akvakulturanlegg beståande av 3 bur/ringar i rekke og forflåte som vist i søknad datert 23.06.2015.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Ved etablering av anlegget skal nøyaktige posisjonar på anlegget og fortøyinger av dette meldast inn til Kystverket og kommunen for registrering i kart.
- Ved opphør av anlegget skal anlegg og eventuelle fortøyinger ryddast opp og fjernast frå området.
- Dersom løyve til etablering av akvakulturanlegg etter akvakulturlova ikkje vert gjeve innan eitt år, vert dispensasjonsvedtaket trekt tilbake.
- Dispensasjon gjeld for ein biomasse på inntil 3120 tonn. Dersom biomassen vert utvida, må det søkast om ny dispensasjon med tilhøyrande konsekvensutgreiing, eller utarbeidast reguleringsplan for området.

Saka gjeld:

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS har søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i sjø for å etablere nytt akvakulturanlegg av plastringar som erstatning for anlegg som delvis havarerte som følgje av uværet Nina i januar inneværende år. Eit anlegg bestående av plastringar medfører ei stor endring i arealbehov, men antas å vere meir robust enn eksisterande anlegg. Det nye anlegget vil medføre at at fortøyingane vert justert noko og forflåten vil kome utanfor område avsett til akvakultur.

Søknaden om dispensasjon er sendt inn i to delar, der ein søknad gjeld anlegg med til saman seks bur i to rekker og den andre gjeld tre bur i ei rekke. Grunnlaget for denne oppdelinga er at ein har sett det som truleg at søknad om dispensasjon for tre bur vil kunne takast på delegasjon administrativt, medan søknaden om seks bur må handsamast politisk. Ei oppdeling av søknaden vil også gjere det mogleg for tiltakshavar å plassere ut fisk som er bestilt omkring planlagt tidspunkt dersom søknaden vert godkjent.



Søknaden er ikkje nabovarsla av tiltakshavar, men Lindås kommune har sendt søknaden som gjeld etablering av seks bur i to rekker på høyring til naboar og relevante offentlege mynde.

Det er kun dispensasjonssøknaden som omhandlar etablering 3 bur i rekke som vert handsama i denne omgang og som det vert gjort vedtak på.

Søknaden om seks bur vert handsama som politisk sak i septembermøtet i plan- og miljøutvalet, og det vil verte utarbeidd eigen konsekvensvurdering frå tiltakshavar som vedlegg til søknaden fram til politisk handsaming av den saka. Dette for å skape eit betre vurderingsgrunnlag for å ta ei avgjerd i saka.

Dagens akvakulturanlegg er godkjent for ei total biomasse på 3120 tonn. Det er ikkje søkt om ei utviding av total biomasse for anlegget.

Det vert vidare opplyst i søknaden at eit plastriganlegg som omsøkt vil vere sertifisert for grovare sjø enn det dagens anlegg er og skal dermed tåle større belastningar enn det gamle stålanlegget som havarerte. Søkar peiker vidare på at det antas at ei endring av anlegget vil medføre ei optimalisering av bæreeenna til lokaliteten knytt til utslepp av avfallstoff frå anlegget og fiskehelse. Det vil verte større avstand mellom bura og på bakgrunn av dette betre vassgjennomstrøyming gjennom anlegget. Dette sikrer gode oksygenforhold og fiskevelferd. Større merdvolum under vatn sikrar også betre plass for fisken.

Søkar peiker vidare på at regjeringsplattformen for sittande regjering vil fleirdoble verdiskapinga i fiskeri- og havbruksnæring og at kommunen sjølv har eit mål om tilrettelegging for lokal matproduksjon. Det vert vist til at anlegget heller ikkje vil vere vesentleg i konflikt med natur- og friluftsinteresser då det er vurdert tidlegare i kommuneplansamanheng og at det omsøkte anlegget ikkje vil vere ei vesentleg utviding i høve dagens drift som allereie er etablert i området. Søkar viser også til at anlegget ikkje vil vere vesentleg til hinder for båttrafikk i området.

I høve planstatus meiner søker at etablering av anlegget ikkje vil medføre ein uklar plansituasjon i området, då anlegget framleis delvis vil ligge i eit område per i dag er avsett til akvakultur i kommuneplanen.

Teknologiutviklinga i næringa medfører eit større arealbehov og bruk av best tilgjengelege teknologi for drift er nok som bør vektleggast i positiv retning i høve søker. Det vert også opplyst at det vert jobba med å få på plass landstrøm til anlegget, noko som vil vere ei miljømessig forbeting om dette kjem på plass.

Høyring / nabovarsling:

Lindås kommune har hatt dispensasjonssøknaden om etablering av 6 bur på høyring hjå naboar og relevante offentlege mynde, og det har kome inn 2 merknadar og 1 førespurnad om utsett frist innan merknadsfristen. Merknadane er oppsummert under. Administrasjonen vil vurdere innkomne merknader til søknaden om 6 bur som grunnlag for vurderinga av søknaden om 3 bur.

1. *Bergen og Omland Havnevesen* viser til at det er Kystverket som vurderer saker knytt til akvakulturverksemd.
2. *Fylkesmannen i Hordaland* viser til at det er kommuneplanen som er riktig arena for å vurdere det omsøkte tiltaket, då det er denne som viser hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk. I tillegg kjem viktige omsyn som må takast i vare ved disponering av areala. Fylkesmannen peiker på at det i dagens situasjon, med stor endring i arealbruk for oppdrettsanlegg, er det viktigare enn nokon gong at arealbruk knytt til oppdrettsanlegg vert vurdert i ein kommuneplanprosess. Det vert vist til at ein dispensasjon i

denne saka vil undergrave kommuneplanen som styringsverkty for utvikling av kommunen og kan skape presedens for dette og liknande område i framtida.

Fylkesmannen peiker vidare på at det ikkje er automatikk i at godkjente dispensasjonssaker legg føringar for handsaminga av nye dispensasjonssaker, og peiker på at kommunen tidlegare har handsama fleire dispensasjonssaker frå kommunen. Det er ein uheldig praksis å styre utviklinga av oppdrettsnæringa gjennom dispensasjoner, og Fylkesmannen oppfordrar til at kommunen må ta ei planavklaring for dette spørsmålet.

Vidare peiker Fylkesmannen på at det ikkje er tilstrekkeleg utgreidd korleis etableringa av anlegget vil føre til auke i ureining på naturmiljøet i sjø eller om det kan føre til auka fare for spreiing av sjukdom på villfisk eller andre artar. Fylkesmannen viser også til at området er sett av til viktig regionalt friluftsområde i Hordaland fylkeskommune sin database og at det ikkje er gjort utgreiing av dette tilhøvet.

Oppsummert rår Fylkesmannen i frå at det vert gjeve dispensasjon til oppføring av oppdrettsanlegg på lokaliteten og peiker på at det er viktig at det vert utført ei grundig konsekvensutgreiing før det kan vurderast om det er aktuelt å utvide området for akvakulturanlegg.

3. *Fiskeridirektoratet* har bede om utsett frist for uttale til søknaden knytt til seks bur og vil kome med uttale til handsaminga av søknaden om seks bur.

Vurdering:

Bakgrunnen for søknaden er at tiltakshavar ynskjer å bytte ut dagens stålanlegg med eit antatt meir robust anlegg med plastringar. Dispensasjonssøknaden gjeld kravet om at akvakulturanlegg skal ligge innanfor område som er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan. I søknaden om etablering av 3 bur er det vist at eitt bur på om lag 100x100 meter vil kome utanfor det avsette området for akvakultur, i tillegg til at forflåten vil verte etablert utanfor området. Det er ikkje oppgitt i søknaden kor mykje areal forflåten og eventuelle forleidningar frå flåten til anlegget vil krevje. Resten av anlegget vil framleis ligge innanfor det avsette anlegget for akvakultur.

Etableringa vil vidare medføre ei endring i fortøyingane for anlegget, der dei lengste hovudlinene vil ha eit større arealbeslag enn tidlegare. I tillegg vil forflåten få endring i fortøyingane utover dagens situasjon, noko som vil legge beslag på meir areal for fortøyingane. Det er ikkje naudsynt med dispensasjon for etablering av fortøyingar for akvakulturanlegg, men dersom dette får negative verknader for andre aktivitetar, til dømes fiske, må dette vegast opp i mot fordelar med akvakulturdrift. Fortøyingane i sør vil kome nært opptil ytterkanten på gyteområde for torsk. Den det er ikkje registrert annan fiskeriaktivitet i området i Fiskeridirektoratet sin kartdatabase, men Masfjorden kommune har registrert område for fiske der fortøyingane mot nordaust vil kome. Desse fortøyingane ligg likevel tett opptil dagens plassering av fortøyingar for anlegget.

Det aktuelle akvakulturområdet ligg i eit område som er gitt verdi «viktig» i regional plan for friluftsliv. Dette gjeld strandsona. Etablering av nytt anlegg vil ikkje forverre tilkomst til eller bruk av strandsona utover dagens situasjon. Det vil vere noko meir avgrensing av ferdsle på sjø i området grunna større anlegg og ny plassering for forflåten, men strandsona vil vere minst like tilgjengeleg ved etablering av nytt anlegg.

Det er vidare ikkje registrert nokre spesielle naturinteresser i området som vil verte påverka av anlegget. Når det gjeld ureining vert det vist til MOM-B rapportar frå 2012 og 2014 som viser at miljøtilstanden under anlegget er god. Det vil vere god djupne utanfor området det vert søkt dispensasjon for, om enn lite skrånande terreng. Prøvar frå 2014 (jf. MOM-B-rapport) viser at det er gode forhold under tilsvarande område under dagens anlegg, men at forholda er litt dårligare enn under dei meir skrånande områda

under dei andre prøvetakingspunktta. Vidare vil ein få eit større areal å spreie avfall på, utan at ein får ei auke i biomassen i anlegget. Med omsyn til at ein har hatt ei jamn auke i produksjonen i anlegget sidan etableringa i 2010 og at ein no vil få eit større areal å fordele utslepp av avfall frå anlegget på, ser administrasjonen det som lite truleg at ei utviding vil forverre den miljømessige situasjonen under anlegget nemneverdig. Det er også gode straumforhold på lokaliteten.

Når det gjeld fiskehelse og driftstilhøve er det truleg at etablering av eit nytt anlegg vil gje betre tilhøve for fisken med eit større anlegg enn situasjonen i dag. Dette gjeld både oksygentilhøve og plassstilhøve for fisken.

Dispensasjonsvurdering:

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova (tbl), kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av tbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegne det vert dispensert frå eller omsyna i føremålføresegne i lova vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vera klart større enn ulempene. Det skal leggast særleg vekt på verknader for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør ikkje dispensere når ei direkte berørt statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til dispensasjonsøknaden. I denne saka ligg det føre negativ uttale frå Fylkesmannen i Hordaland som har rådd frå å gi dispensasjon i saka på grunnlag av ulike moment som presedensverkand og kommuneplanen som styringsverktøy, behov for planavklaring knytt til akvakultursaker, uavklart situasjon knytt til ureining frå anlegget og spreiling av smitte frå fisken og tilhøvet til regionalt friluftsområde. Fylkesmannen har uttalt seg i høve søknaden om 6 bur.

Det er i dette tilfellet faktorar som veg positivt og negativt for å gje dispensasjon:

Fordelane med å gje dispensasjon er:

- Betre tilhøve for drifta ved anlegget og betre fiskehelse.
- Meir moderne og robust anlegg som er serifisert for høgare påkjenningar.

Ulempene med å gje dispensasjon er:

- Etablering av anlegget er vesentleg i strid med arealføremål i kommuneplanen. Dispensasjon kan føre til presedensverknad i liknande saker.
- Uavklart situasjon knytt til spreiling av smitte frå ny type anlegg og delvis uavklart situasjon knytt til ureining.
- Utviding i område merka som regionalt viktig friluftsområde og noko innskrenka moglegheiter for ferdsle.

Administrasjonen ser nokre ulempar ved å dispensere frå kommuneplanen for å etablere eit større anlegg ved Ospeneset. Det er relativt store endringar i areal som det vert søkt om dispensasjon frå, og delar av desse areala er ikkje omtalt i søknaden og vurdert konsekvensar av i søknaden (m.a. forflåte og omfang av forleidningar til bura). Administrasjonen meiner likevel at det er grunnlag for å gjere ei vurdering av desse tilhøve når det gjeld søknaden om etablering av tre bur i rekke som omsøkt 23.06.2015.

Administrasjonen er i utgangspunktet einig med Fylkesmannen i Hordaland når det kjem til kvar vurderingar knytt til arealdisponeringar i kommunen skal gjerast, gjennom normale kommuneplanprosessar. Når det gjeld den aktuelle saka som ligg føre, ligg det per i dag eit akvakulturanlegg på lokaliteten, og det er snakk om ei utviding i høve dagens anlegg slik at eitt av dei nye bura vil bli liggande utanfor området avsett til akvakultur. Administrasjonen har hatt liknande saker på

andre lokalitetar inne til vurdering tidlegare, der det har vore snakk om mindre utvidingar og justeringar av akvakulturanlegg. I desse andre tilfella har det vore snakk om noko mindre justeringar og optimalisering av plassering (jf. til dømes 14/1889 Storskrebukti), men også etablering av nye anlegg (jf. 14/7124 Rekeviki). Kommunen har også hatt søknader om større utvidingar inne til handsaming (jf. sak 14/7124 Rekeviki og 14/1846 Langøy), der utfalla hor vore ulike på bakgrunn av ei spesiell vurdering av dei ulike søknadane. Sidan søknaden om seks bur vart sendt på høyring, har det kome inn ein ny søknad der det vert søkt om tre bur. Kommunen kjem til å handsame begge søknadane, men vil handsame dei ulikt grunna det ulike omfanget av sakene. Søknaden om seks bur vil bli handsama politisk i løpet av hausten.

Når det gjeld søknaden om tre bur i rekke, er det søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i sjø om å få etablere eitt av bura og forflåte i område som ikkje er avsett til akvakultur i kommuneplanen. Det har ikkje kome inn nokre innspel knytt til ferdslé ved anlegget som følgje av utvidinga. Administrasjonen ser at det vil vere nokre ulemper knytt til ferdslé ved utvidinga, men kan ikkje sjå at dette er problem av ein slik grad at det vil påføre andre brukarar av området større ulemper. Det vil også vere mogleg med ferdslé på vestsida av anlegget, inn mot strandsona, slik at ferdslé ikkje vert hindra her. Utvidinga vil føre til ei innskrenking av moglegheit til ferdslé i området. I og med at det ligg akvakulturanlegg i området i dag, kan ikkje administrasjonen sjå at dette vil føre til ulemper av større art for verken ferdslé eller anna friluftsliv som til dømes fritidsfiske.

Når det gjeld ureining og eventuell endring i smitfare som følgje av større anlegg, er dette ein uavklart situasjon. Administrasjonen meiner likevel at spørsmål knytt til smitfare og eventuell spreiing av sjukdomar som følgje av større enkeltmerdar er noko som må takast stilling til i samband med handsaminga etter akvakulturlova, då dette i første rekke er driftsmessige forhold som må takast stilling til av dei mynde som handsamar søknadar om anlegg etter akvakulturlova, på same måte som at ein må ha særskilt løyve etter forureiningslova. Når det gjeld ureining og verknad av dette, har ein noko meir grunnlag til å vurdere om det kan tilrådast ei utviding. Det er gode djupneforhold på staden, og MOM-B-rapportar frå 2012 og 2014 viser at sjølv med auke i drifta på lokaliteten er det meget gode og gode forhold under anlegget. Med ei utviding av anlegget vil ein få utslepp over eit område som er mindre skrånande og på større djupne. Prøvar frå noko tilsvarende område ved eksisterande anlegg viser at grabbprøvar frå desse punkta (tilstandsklasse «god») var noko därlegare enn prøvar frå meir skrånande punkt (tilstandsklasse «meget god»). Administrasjonen kan likevel ikkje sjå at eit nytt anlegg over eit større areal skal gje nemneverdige større problem knytt til utslepp med den same totale biomassen. Avfall frå anlegget vil vere over eit større område, noko som vil gjere utsleppa mindre konsentrert slik administrasjonen ser det. Denne vurderinga vil vere knytt til at ein held seg innanfor dei avgrensingane som ligg i løyvet etter akvakulturlova (MTB 3120 tonn) og ei endring her vil føre til at ein må ta ein ny vurdering.

Positive effektar vil i første rekke vere for tiltakshavar, som vil få eit meir robust og moderne som vil vere sertifisert for hardare naturtilhøve. I tillegg vil eit meir moderne anlegg gje betre vilkår for drifta ved anlegget, i tillegg til at ein vil få betre gjennomstraumingstilhøve for vatn med tilhøyrande betre oksygentilhøve for fisken. Ein vil også få betre plass i dei nye merdane, noko som vil gje auka fiskevelferd. Administrasjonen meiner det må leggast vekt på at ein her kan få etablert ein nytt og meir robust anlegg slik at ein får produksjonsutstyr som er meir skikka til å motstå naturhendingar som stormen Nina som førte til at delar av eksisterande sleit seg i vinter og førte til omfattande rømming av fisk.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering meiner administrasjonen at dei samla fordelane ved å gje dispensasjon til etablering av tre bur i rekke er større enn ulempene knytt til utvidinga. Sjølv om det er eit større avvik frå

komuneplanens arealDEL i høve etablering av nytt anlegg, meiner administrasjonen at utvidinga ikkje er av ein slik art at ein set til side kommuneplanen som styringsverktøy som følgje av dette vedtaket. Administrasjonen vil vidare føreslå at det vert teke med eit forbehold i vedtaket om at anlegget må få naudsynt godkjenning knytt til spreiing av sjukdom og ureining gjennom handsaming etter akvakulturlova. Om dette ikkje vert gitt, fell også grunnlaget for dispensasjon for utviding av anlegget vekk. Vidare må det takast inn i vurderinga at dispensasjonsvedtaket gjeld for ei total biomasse på 3120 tonn. Dersom det vert søkt om utviding av denne, må det søkast om ny dispensasjon med konsekvensvurdering eller utarbeidast reguleringsplan for området etter gjeldande retningslinjer.

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gjeldande gebyrregulativ.

Dispensasjon frå føresegjn 6.1 og 6.2. Faktura vert tilsendt søker.

9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan, per dispensasjon	8.400,- (16.800,-)
-------	--	-----------------------

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Grunna ferieavviklinga vert klagefristen utvida med 2 veker frå utsendingsdato. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Christian H. Reinhol
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad dispensasjon fra arealplan i sjø - Ospeneset (3 bur)
Ospeneset_1033-A103 Olex 1-10 000_rev03
Søknad dispensasjon frå arealplan i sjø, Ospeneset Mai 2015
MOMB rapport hausten 2012
MOMB rapport hausten 2014

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Vidar Hjertnes

Mottakarar:

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk
AS

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	Bergen
Fiskeridirektoratet region Vest	Postboks 185	5804	Bergen
	Sentrum		
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	Masfjordnes
Berit Karin Sæverås	Sævråsvegen 400	5957	MYKING
Karstein Sæveraaas	Solstrandvegen 161	9020	TROMSDALEN
Oddny Ingunn Kolås	Kolåsvegen 109	5955	LINDÅS